

**ÅSNE SVALASTOGA OFTE (1922 - 2011)**  
**Biletkunstnar.**



Åsne Oftedal vaks opp på Svalastoga på Nesland, Rauland. Mor hennar, Anne, kom frå Lofthus i Vinje. Faren, Aslak K Svalastoga, var lærar og aktiv kommunepolitikar. Han var også ein produktiv teiknar og treskjerar, og stod mellom anna bak dekorasjonar og bilete i festsalen på Raulandshuset. Han nytta eit formspråk som også kom til uttrykk i hennar arbeid. Ho synte tidleg gode anlegg for teikning og måling. I utstillinga viser me ein kolteikning frå 1941 og tre akvarell frå 1942 som syner ei god hand med både form og teknikk hos den knapt 20 år gamle enno uskolerte kunstnaren.

Ho gjekk tre år på Statens håndverks- og kunstindustriskole (Kunst og håndverksskolen) i tida 1946 til 1949 med mykje godt resultat. Teikningar og måling frå denne tida er i utstillinga.


Etter avslutta utdanning utvikla ho snart det som skulle bli hennar særegne form og uttrykk gjennom akvarell. Bileta på utstillinga skriv seg frå to produktive periodar.

Den fyrste var på 1950-talet. Det var då ho skapte dei mange kjende motiva som skulle illustrere både eventyr, segner, stev og ballader.

Ho var særleg oppteken av kjærleikstema slik det kjem til uttrykk i balladen om Bendik og Årolilja, og "bergtakinga" i balladene om Margit Hjukse og Liti Kjersti.



Margit Hjukse



Brunfolen løyper .. (Liti Kjersti)



Bendik

i 1952 førebudde ho seg til alternativt yrke ved å gå på husmorskule. Ho var 30 år gamal, godt vaksen i høve til dei fleste medelevane på rundt 20 år. På den tida kan ho truleg ha kome fram til at kunsten var ein usikker leveveg.

Husmorskulen kom vel med då ho gifte seg i 1955 med Arne Ofte (1923 -1985). Han hadde vore på kvalfangst og fått råd til å bygge hus i relativt ung alder. Eit hus midt i Høydalsmo, med rom for kafedrift.

Aslak kom til verden i 1956, og det blei travle år med familie og kafédrift i heimen. Det var fortsatt noko tid til kunsten, men kafédriфта tok mykje tid og krefter. Ein mislukka ryggoperasjon i 1960 ende med lammelse i høgre legg. Etter det blei kaféen endå meir krevjande. Høydalsmo var den gongen ein sentral for lokale bussruter. Kaféen blei ein populær lokal møteplass, og bussjåførane treivst på både kafé og kjøken.

Åsne kom til å leggje kunsten meir eller mindre på hylla i dei neste 20 åra.

Me har kome over berre tre akvarell frå henne frå 1962, 1963 og 1968. Ho tok gjerne på seg mindre oppgåver som diplom og emblem" til Høydalsmo idrettslag. Med Sondre Nordheim som "opptrekkjar". Ho laga også små helsingar og kort, gjerne litt spøkefulle.

Ein ny produktiv periode starta i 1980, då kafédriфта tok slutt.

58 år gamal tok Åsne då fram att dei gamle motiva frå 1950-talet. Den gamle arbeidsmåten hennar kom no i full bruk. Det var ei arbeidsplate med akvarellpapir på fanget, penslar, vatn og fargar. Akvarell er ein tidkrevjande prosess over fleire trinn, der fargar må turke godt før neste strok. Kvant bilete tok rundt ei veke.

Ho laga nye variantar av dei tidlege motiva. La inn nye detaljar og fargar i bileta, så ingen blei heilt like. Og ho kom med nye motiv, ofte landskap, og Haugtussa.

Det kom bestillingar frå kjende og ukjende. Ho førde dei inn i ei bok, og leverte etter kvart som bileta var ferdige. Eit seint bilete er frå 1998, Pråmen.



Haugtussa 1991



Landskap 1992



Pråmen 1998

Åsne stilte aldri ut bileta sine. Ho var ein beskjeden kunstnar. For henne var målinga ein hobby.

Der var kunstnarar på både mors- og farssida hennar. Målaren Sveinung Svalastoga var farbror, og grafikaren Svallaug Svalastoga var syskenbarn. Designaren Anne Lofthus var syskenbarn på morssida. Ho var også oppteken av folkekultur og ballademotiv. Ei serie skåler med Margit Hjuksemotiv, frå Stavangerflint, er med i utstillinga for å syne slektskapen i motivval.

Eit døme på bilete som gav inspirasjon til Åsne sitt formspråk:



Frå Draumkvedet. AK Svalastoga 1953. (Raulandshuset)

26.05.2019

Rauland Historielag

